

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016

I samband med «RS 18/16 Om skuletilbod for flyktningar og asylsøkjjarar i alderen 15 - 18 år» bad utvalsleiar **Emil Gadolin (A)** om at utvalet vert halde orientert om kombinasjonsklassane.

Fylkesdirektør opplæring stadfesta at utvalet vil verte halde orientert.

I samband med «RS 19/16 Svar på spørsmål vedkomande kantinedrifta ved Fana Gymnas» bad **Tor Andre Ljosland (KrF)** om å få presentert ein oversikt over kvar Hordaland fylkeskommune nyttar seg av VTA-plassar. Fylkesdirektør opplæring vil leggje fram slik oversikt for utvalet.

Tor Andre Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Utval for opplæring og helse ber om at RS 19/16 vert teken opp som sak i neste møte.»

Røysting

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for opplæring og helse ber om at RS 19/16 vert teke opp som sak i neste møte.

I samband med «RS 20/16 Svar på spørsmål i OPHE vedk. Yrkesvei Helse- og omsorgsfag» bad utvalsleiar **Emil Gadolin (A)** om at utval for opplæring og helse verte halde orientert om vidare framdrift.

Fylkesdirektør opplæring stadfesta at utvalet vil verte halde orientert.